

Årsmelding Keipen Turlag 2010

Styret har i 2010 vore samansett slik:

Leiar : Arne Loftheim
Nestleiar : Odmund Leirvik
Sekretær : Kristian Furset Skår (reiste frå bygda i sumar)
Kasserar : Rita Svarstad Isene
Styremedlem : Reidun Isene Solvang
Styremedlem : Tor Erik Liset
Styremedlem : Gisle Skjølberg
Varamedlem : Kirsten Grotle
Varamedlem : Steinar Isene

KT har auka medlemsmassen frå 87 ved siste årsmøte til 118 i dag.

Møter

Vi har gjennomført årsmøte og 5 styremøte.

I tillegg har vi hatt eitt medlemsmøte der hovudsaka var bygging av kvilehytte på Sandsegga. 2 møte i arbeidsutvalet.(leiar, nestleiar og sek.)

Leiar og sekretær har delteke på årsmøtet til SFT på Skei i januar.

KT stilte forslag om Gunnar Skjølberg som styremedlem og Gisle Skjølberg som medlem av valnemnda til SFT. Begge vart einstemmig valde.

Leiar og kasserar deltok på Fellesmøte i Avedalen i Årdal 23. og 24. oktober.

Kart og turbok

Leiar, nestleiar og Olga Årsnes har delteke i 3 møte med Bremanger Havn og Næring der turboka har vore tema. I forkant av desse møta har nemnde personar hatt mange møte der turar, turbeskrivelsar og bilete har vore tema.

Turleiarkurs

Florø Turlag inviterte til turleiarkurs på Utvikfjellet. Her fekk KT sine 3 første utdanna turleiarar : Inger Lise Langedal, Kjell Morten Langedal og Arne Loftheim.

Kristian Furset Skår var instruktør på Basecampen til SFT i Stardalen.

KT deltok på "Nordgulen Høgt og Lågt". Laurdag med stand i Svelgen. Søndag med tur til Sandsegga og opning, og "dåp", av Martinbu. Over 60 menneske deltok.

Barnas Turlag.

Årsmøte 2009 gav styret fullmakt til å "få liv i" Barnas Turlag. Årsmøtet meinte det var lurt å satse på to avdelingar.

Styret lukkast med å få danna styre (5 personar)for eitt lag i Svelgen/Indre Bremanger. Dei er komne godt i gang og har hatt 3 turar med stort oppmøte. Kruna: 36 vaksne og 47 barn.

Ivervatnet: 34 vaksne og 45 barn. Risevatnet/Geitvika: 37 vaksne og 58 barn.

Merking av stiar

KT har 5 T – merka stiar. 4 av desse er merka opp att i år. Turen frå Ålfoten til Ålfotbreen er ikkje merka opp att. Dette er eit arbeid som bør topp-prioriterast til neste år.

I tillegg er det fleire andre stiar som er "flikka på"/merkete.

På oppdrag frå Elkem Energi har KT merka stien frå Brandevatn til demma ved Hjelmevatnet.

Orientering

KT har også i år hatt orientering som aktivitet. Steinar Isene har stått for det praktiske opplegget. 35 personar greidde kravet til gullmerket.

Søndagsturar

Tre av søndagsturane vart avlyste i år. Alle tre på grunn av dårleg ver. Det var turane til Keipen, Ålfotbreen og Rugsundsøya over.

Moldahytta: 101 personar. 33 var barn. Rekord! Fint ver.

Vertskap: Olga/Sissel/Oddmund/Johanna

Knekkevasshytta: 12 personar. 4 barn. Surt skoddever.

Vertskap: Olga/Sissel/Oddmund/Johanna

Sande- Sandsegga- Aksla- Nesbø: 19 personar. Fin tur. Turleiar: Oddmund Leirvik

Svarstad –Vetvika: 9 personar. Fin tur. Turleiar: Gunnar Skjølberg.

Rognen: 10 personar. 1 barn. Fin tur. Turleiar: Oddmund Leirvik.

Hornelen: 18 personar. Turleiar: Gunnar Skjølberg

Berledalen: 25 personar. Turleiar: Gunnar Skjølberg

Moldahytta, (haustope): 61 personar. Vertskap: Olga, Sissel, Johanna og Oddmund

Onsdagsturar

I år har det berre vore onsdagsturar i ytre Bremanger. Turane har oftast vore gjennomførte utan turleiar. Turane har oftast gått på merka stiar til eit turmål med bok. Godt frammøte på dei fleste turane.

Fjelltrim indre/Svelgen

5976 besøk i 09/10. Her er det 8 postar med bok. Postane har ulik poengverdi, - frå 1 til 3, etter vanskegrad/lengd.

Resultat: 1 Liv Sigdestad Brekke 1271 poeng

2 Martin Hennøy 951 poeng

3 Svern Petter Kjerpeset 686 poeng

9 personar har besøkt alle postane. Årsmøte trekker ein vinnar.

Elkemkruset

Elkem Bremanger har teke kontakt og sagt dei vil gje to krus kvar månad som premiering på to trimpostar i Svelgenområde. Vinnarane skal trekkast kvar månad. KT har valt Sandsegga og Risevatnet (3,5 km) som turmål.

Fjelltrim Ytre Bremander

I fjor var det over 11000 som hadde skreve seg inn i bøkene. Ikkje opptalt i år, men det ligg an til minst like mange som i fjor. Dette er eit samarbeid mellom KT og idrettslaget.

Fjelltrim Davik / Leirgulen

I fjor var det ca 1000 treff. Ikkje opptalt i år. Dette er eit samarbeid mellom idrettslag og KT.

Dugnad

Også i år har mange lagt ned eit stort dugnadsarbeid.

Tilrettelegging og merking av stiar. Vedlikehald/maling av benkar og hytte.

Det endelege talet dugnadstimar er ikkje klart enno, men ein person skil seg ut.

Martin hennøy har jobba over 850 timar dugnad i år.

Turplanlegging YNT, FT.

Vi har fått ynskje frå FT og YNT om å samordne turar. Begge desse laga arrangerer turar ”på våre fjell”. Dette er noko vi bør prøve å få til. Det kan verte ein inspirasjon for alle partar.

Hytter

Martinbu vart opna 29.08.2010. Keipen Turlag har fått si første hytte.

Hytta er ikkje tenkt til overnatting, men som ei kvilehytte på toppen av Sandsegga. Hytta er sekskanta og har sitteplass til 15 personar rundt ein grill /bord.

Ideen til hytta kom frå Martin Hennøy. Prosessen frå ide til ferdig resultat har gått på rekordtid. Martin har lagt ned eit enormt arbeid i planleggingsfasen, med tilrettelegging av område rundt hytta og bygging av hytta.

Stor takk til grunneigarane, Arild Sande og Per Lars Sande, som gav løyve til bygging.

Utan deira sin positive holdning hadde det ikkje vorte hytte.

Stor takk også til Elkem Energi for sponning av helikoptertransport.

Moldahytta

Hytta er eigd av STIF og drifta av KT.

Hyttesjef, Oddmunn Leirvik, har også i år lagt ned eit stort arbeid. Han har i år montert ny omn i hytta og to nye bord på uteområdet. Han passar også på at det er nok propangass og ved på hytta.

Knekkevasshytta

Hytta er eigd av Elkem Energi, men KT har fått eigen nøkkel til hytta. I haust har Elkem Energi teke kontakt og ytra ynskje om at KT også står for utleige av hytta.

DNT og SFT har teke kontakt med KT vedrørande begge desse hyttene. Dei ynskjer at vi ”legg hyttene inn” som ubetjente DNT hytter.

Gåver

Klausen Industrier har sponsa ny omn til Moldahytta. Dette er ei gåve i høve 20 årsjubileet.

Takk til Klausen Industrier for gåva.

Takk også til Elkem Energi for sponning av helikoptertransport til Molda.

Takk til Svelgen Røde Kors for førstehjelpsskrin til Martinbu.

Svelgen 08.11.2010

Arne Loftheim